

Notat

Frå: Fylkesdirektøren

Til: Hovudutval for kultur

Lokale kulturminneplanar 2012 - 2015 - Status for arbeidet i 2013.

1. Bakgrunn for prosjektet

Sogn og Fjordanefylkeskommune har vedteke ei satsing på lokale kulturminneplanar som ein del av fylkeskommunen si kommunesatsing 2010-2014. Satsing og arbeidsform er knytt til Kommunal- og Regionaldepartementet si satsing «Lokal samfunnsutvikling i kommunane» (LUK), som Sogn og Fjordane fylkeskommune er ein del av.

Prosjektet er også kopl opp mot Riksantikvaren si satsing «Kunnskapsløft i kulturminneforvaltninga» som er ei kommuneretta satsing for å styrke lokal kulturminneforvaltning og betre lokal forankring gjennom lokal kompetanseheving. Kommunane er hovudaktørar i forvaltninga av kulturminne og kulturmiljø gjennom arbeidet med plan- og bygningslova. I tillegg har kommunane mynde etter fleire særlover som rører ved kulturminne. Kommunane forvaltar også ulike tilskotsordningar i samarbeid med statlege, regionale og kommunale satsingsområde.

I kunnskapsløftet skal det rettast særleg merksemd rundt korleis regional og nasjonal kulturminneforvaltning kan støtte kommunane i deira forvaltnings- og utviklingsarbeid.

2. Mål

Hovudmål for prosjektet er at innan utgangen av juni 2015 skal alle 26 kommunar i Sogn og Fjordane ha vedteke og starta på arbeidet med lokale kulturminneplanar. For å delta i satsinga er det føresetnad at arbeidet har lokalt eigarskap og lokal forankring.

Det er eit mål å kunne styrkje kommunane i deira strategiske og operative rolle på kulturminnefeltet. Det vil seie å gjere kommunane endå betre til å planlegge, mobilisere, samarbeide og gjennomføre utviklingsprosjekt med utgangspunkt i lokale kulturminneressursar. Eit godt samspel mellom enkeltindividet, frivillige lag og organisasjonar, i samhandling med offentlege aktørar, er ein viktig faktor for å kunne utvikle meir attraktive lokalsamfunn og for å kunne utvikle kulturminna som ressurs for lokalsamfunna.

3. Aktivitetar i 2013

Lokale kulturminneplanar har vore høgt prioritert i 2013. Prosjektet er primært bemanna med prosjektleiar i 80%. Hausten 2012 og våren 2013 var det også tilsett ein trainee som brukte om lag 50% av årsverket sitt inn mot prosjektet. Kulturminneteamet elles har også vore involvert i det konkrete arbeidet.

Ved utgangen av 2013 har 14 kommunar kome i gong med arbeidet med lokal kulturminneplan, dette gjeld Eid, Fjaler, Flora, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Høyanger, Jølster, Luster, Lærdal, Sogndal, Stryn, Vik og Vågsøy. Ti av desse starta dette året, og fire starta i 2012. Av dei resterande 12 kommunane har 11 kommunar vedteke i sin planstrategi at det skal lagast ein kulturminneplan. Dei fleste har kommunane har dette året vore i ein fase med forprosjekt og oppstart av arbeidet med planprogram

Hovudaktivitetar i 2013 har vore:

Råd og rettleiing inn mot kvar einskild kommune

I prosjektet yter vi omfattande rådgjevingstenester ut i kvar enkelt kommune. Det er viktig å syte for god lokal forankring og vi prioriterer difor å vere på dei lokale arenaene. Dette gjeld ikkje berre i kommunale arenaer, men også møter med lokale lag og organisasjonar. Lokal forankring fører med seg stor lokal variasjon i tema og vinkling i prosjektet og det er viktig for prosjektet å bruke nok ressursar til å kunne vere ein aktiv medspelar i dette mangfaldet av lokale prosessar. Prosjektleiar deltek som observatør i styringsgruppene

Kurs og samlingar

I arbeidsåret har det vore halde fleire kurs og samlingar, både lokalt og regionalt, og dei har som mål å få til mobilisering for gjennomføring av prosjektet.

- Lokale kurs i kommunane i dokumentering og registrering av kulturminne. På kursa legg ein opp til at frivillige kan delta, desse kursa er såleis viktige areaner til å involvere og kome i kontakt med eit breiare lag av lokalsamfunnet i arbeidet med kulturminneplan.
- I prosjektet har vi bidrege både organisatorisk og finansielt til at fleire kommunar deltek på Riksantikvaren sitt utviklingsnett for kommunar. I 2013 deltok 12 kommunar og dette er ei vesentleg auke frå tidlegare år.
- Kulturminneplansamling for Sogn og Fjordane. I samarbeid med Fylkesmannen arrangerte prosjektet ei kulturminnesamling på to dagar i november. Kulturminneforvaltning som ressurs for lokalsamfunnsutvikling var eit hovudtema for samlinga. Samlinga var retta mot plan- og kultursektor i kommunane. Det var til saman om lag 100 deltakarar på samlinga.
- Prosjektet har også vore delteke med innlegg på fleire samlingar og konferansar hos andre aktørar som til dømes Sogn og Fjordane Pensjonistforbund, folkehelseforum, Riksantikvaren sin haustkonferanse, Forum for natur og friluftsliv, m.m.

Delprosjekt universell utforming

Prosjektet har i 2013 køyrt eit delprosjekt på universell utforming. Dette er finansiert gjennom det nasjonale K1-programmet for universell utforming. Målet med delprosjektet er å auke kunnskapen om korleis gjere kulturminna tilgjengeleg for alle og korleis implementere universell utforming som eit tema i kommunal kulturminneplanlegging. Prosjektet vart avslutta 31.12.2013. Hovudaktivitetar var studietur for kommunane, utarbeiding av skisser på universell utforming og nettverksbygging. Prosjektet har også vore delaktig i fylkeskommunen sitt prosjekt sentrumsnære turvegar. I 2013 har vi i tillegg vore med på å utvikle Riksantikvaren sitt rettleiingsverkøy for lokal kulturminneplan slik at den omhandlar temaet universell utforming.

Fotokonkurranse

I samarbeid med fylkesjubileet utlyste vi våren 2013 ein fotokonkurranse med kulturminne som tema. Interesse for fotografering er stor i fylket vårt. Målet med konkurransen var å setje i gong ein refleksjonsprosess rundt kva som er kulturminne og kva kulturminna kan fortelje om Sogn og Fjordane. Det kom inn om lag 160 bilete og desse er eit viktig bidrag til å få dokumentert kulturminne i fylket.

4. Samarbeidspartnarar

I prosjektet har vi innleia samarbeid med fleire aktørar og bygd eit nettverk av:

- Fylkesbiblioteket, fylkesarkivet og Den kulturelle skulesekken sit i ressursgruppe for prosjektet og har i fleire samanhengar stilt opp og bidrege med foredrag og kursing på ulike samlingar. Dei har også bidrege med å mobilisere sine fagmiljø ute i kommunane, noko som har gjeve resultat og vi får gode tilbakemeldingar på. Musea i Sogn og Fjordane har også gjeve signal om at det kan vere aktuelt for dei å bidra i prosjektet.
- Sogn og Fjordane Pensjonistforbund og Sogn og Fjordane Eldreråd representerer viktige aktørar for frivillig mobilisering og det er stor interesse for prosjektet blant denne gruppa. Dei eldre er ein viktig ressurs i kulturminneregistrering. Dei sit på kunnskapen om kulturminna og dei har eit sterkt ynskje om dele den. I tillegg til at dei er ein ressurs for prosjektet så viser erfaringar frå kommunane at prosjektet er ressurs for dei eldre. Bruken av kulturminnesøk.no i registreringsarbeidet blir ein dørøpnar inn i den digitale verda. Kulturminneregistrering krev at ein går ut og det blir eit lågterskel fysisk aktivitetstilbod. Arbeidet er sosialt fordi det blir organisert i grupper og det er meningsfullt. Lokale kulturminneplanar er også eit prosjekt som set unge og eldre i kontakt med kvarandre. Folkehelse er såleis blitt ein viktig effekt av prosjektet
- Vi har også dialog med andre aktørar der ein ser felles nytte av prosjektet. Dette gjeld til dømes forum for natur og friluftsliv og huset i bygda

5. Konklusjon

Den store interessa hos kommunane viser at fylkeskommunen med dette prosjektet treff som utviklingsaktør og ressurs for kommunane. Prosjektet har også fått stor merksemd nasjonalt i kulturminneforvaltninga. Dette fortel at prosjektet har funne ein metodikk som fungerer i høve til å nå nasjonale mål om betre lokal forankring i kulturminneforvaltninga. Koplinga mellom lokalsamfunnsutvikling og kulturminne er ein raud tråd i prosjektet. Sogn og Fjordane er første fylkeskommune i landet som i så omfattande grad tek tak i Riksantikvaren si satsing og koplar det

opp mot andre satsingar på lokalt utviklingsarbeid. Av denne grunn er også fylkeskommunen trekt inn i styringsgruppe for eit EØS-program mellom Noreg og Polen der ein skal sjå på ulike måtar å styrke lokal kulturminneforvaltning. To av tre kommunar som deltek frå Noreg er frå Sogn og Fjordane (Vågsøy og Eid). Det er i tillegg på trappene eit følgeforskningsprosjekt der målet er å sjå korleis prosjektet gjennom målet om lokal samfunnsutvikling oppnår målet om ei betre kulturminneforvaltning